



MØTEPROTOKOLL

Møre bispedømeråd 2016-2019

Dato: 15.12.2017 kl. 10:00 – 15:30

Stad: Møre bispedømekontor

Arkivsak: 17/00414

Tilstades: Ann Kristin Sørvik, Olav Christian Rønneberg, Ingeborg Midttømme, Maren Elgsaas Jenssen, Frode Rabbevåg, Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, Olav Myklebust, Anette Fredly, Per Eilert Orten,

Møtande varamedlemer: Ingen

Forfall: Therese Kristin Børnes Utgård

Andre: Bjørn Olaf Storhaug, stiftsdirektør/sekretær
Stein Karstensen, tillitsvald

SAKSLISTE

Side

Godkjenning av innkalling og saksliste

= Møteinnkalling Møre bispedømeråd 15.12.2017 3

Godkjenning av protokoll

= Protokoll Møre bispedømeråd 10.11.2017 3

Tilsettingssaker

[61/17](#) Tilsetting av sokneprest i Indre Nordmøre prosti med særskilt tenestestad Stangvik, Todalen og Åsskard sokn.
- *Unntatt offentlegheit* 4

[62/17](#) Tilsetting av vikar i 50% stilling som rådgjevar diakoni fram til 1. oktober 2019
- *Unntatt offentlegheit* 4

Saker til behandling

[63/17](#) Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017 5

[64/17](#) Økonomisituasjonen og ressursfordeling i Møre bispedøme 5

[65/17](#) Førebels budsjett 2018 6

66/17	Budsjett 2018 - Tilskot til diakoni- og undervisningsstillinger og til kyrkjemusikk i domkyrkja	6
67/17	Bruk av OVF-midlar 2018	7
68/17	Fordeling av trusopplæringsmidlar 2018	8
69/17	2018 - ÅRSPLAN MØRE BISPEDØME	8
70/17	Høyring - Lov om tros- og livssynssamfunn	8
71/17	Konstituering for perioden 1/1-18 - 31/12-19	21
72/17	Stiftelsen Åkerlehaugen - oppnemning av representant	21

Orienteringssaker

73/17	Orienteringssaker 15.12.2017	21
-	Ledige stillingar og delvis plan for tilsetting per 1. desember 2017.	21
-	Møre bispedømeråd - oversikt forvaltningssaker 2017 - kyrkjer og gravplassar	21
-	Referat fra møte i KAF 04.10.2017	21
-	Referat fra ekstraordinært Kontaktmøte 26. oktober 2017	21
-	Referat fra kontaktmøte med fagorganisasjonene i Møre av 16. november 2017.	21
-	Referat frå RAMU-Møre av 16. november 2017.	21

Godkjenning av innkalling og saksliste

- Møteinnkalling Møre bispedømmeråd 15.12.2017

Møtebehandling

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møteinnkalling og saksliste godkjent.

Desse sakene blir handsama for lukka dører 61/17 og 62/17 (tilsettingssaker)

Godkjenning av protokoll

- Protokoll Møre bispedømmeråd 10.11.2017

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 10.11.2017 vert godkjent.

Møtebehandling

Votering

Samrøystes

Vedtak

Protokoll frå møte 10.11.2017 vert godkjent.

Tilsettingssaker

61/17 Tilsetting av sokneprest i Indre Nordmøre prosti med særskilt tenestestad Stangvik, Todalen og Åsskard sokn.

Unntatt etter offentlegheitslova Offl. § 25 første ledd

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd viser til konklusjonen i innstillingsprotokollen og tilset på fastsatte vilkår

Kristin Strand

som sokneprest i Indre Nordmøre prosti med Stangvik, Todalen og Åsskard sokn som særskilt tenestestad.

Møtebehandling

Saksordfører: Rikke Kopperstad

Votering

Skriftleg votering etter framlegg

Kristin Strand: 7 stemmer for og 2 blanke

Vedtak

Møre bispedømmeråd tilset på fastsette vilkår

Kristin Strand

som sokneprest i Indre Nordmøre prosti med Stangvik, Todalen og Åsskard sokn som særskilt tenestestad.

62/17 Tilsetting av vikar i 50% stilling som rådgjevar diakoni fram til 1. oktober 2019

Unntatt etter offentlegheitslova Offl. § 25 første ledd

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd viser til konklusjonen i innstillingsrådet sin protokoll og tilset på fastsette vilkår

Toril Elin Krakeli Holm

i vikariat som rådgjevar diakoni i 50% stilling fram til 1. oktober 2019.

Møtebehandling

Saksordfører: Maren Elgsaas Jenssen

Votering

Samrøystes med 9 stemmer

Vedtak

Møre bispedømmeråd tilset på fastsette vilkår

Toril Elin Krakeli Holm

i vikariat som rådgjevar diakoni i 50% stilling fram til 1. oktober 2019.

Saker til behandling

63/17 Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017

Forslag til vedtak

Rekneskapen pr 30/10 vert teken til vitande.

Møtebehandling

Saksordførar: Frode Rabbevåg

Votering

Samrøystes

Vedtak

Rekneskapen pr 30/10 vert teken til vitande

64/17 Økonomisituasjonen og ressursfordeling i Møre bispedøme

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd fastsetter ny fordeling av presteressurser for de respektive prosti fra 1/1-2018 slik:

Søre Sunnmøre: 13 årsverk

Austre Sunnmøre: 7,3 årsverk

Molde Domprosti: 11,8 årsverk

Indre Romsdal: 6 årsverk

Ytre Nordmøre: 9,5 årsverk

Indre Nordmøre: 8,8 årsverk. Tilskudd til kirkelig fellesråd tilsvarende 30% av lønn til prest i Sunndal opprettholdes

Fengselsprester: 1,2 årsverk

Studentprester: 0 årsverk

Møre bispedømmeråd opprettholder tallet på stillinger som det gis i tilskudd til innenfor diakoni og undervisning

Møtebehandling

Saksordførar: Frode Rabbevåg

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømmeråd fastsetter ny fordeling av presteressurser for de respektive prosti fra 1/1-2018 slik:

Søre Sunnmøre: 13 årsverk

Nordre Sunnmøre 15,75 årsverk

Austre Sunnmøre: 7,3 årsverk

Molde Domprosti: 11,8 årsverk

Indre Romsdal: 6 årsverk

Ytre Nordmøre: 9,5 årsverk

Indre Nordmøre: 8,8 årsverk. Tilskudd til kirkelig fellesråd tilsvarende 30% av lønn til prest i Sunndal opprettholdes
Fengselsprester: 1,2 årsverk
Studentprester: 0 årsverk

Møre bispedømmeråd opprettholder tallet på stillinger som det gis i tilskudd til innenfor diakoni og undervisning.

Konsekvensene av vedtaket blir sendt til de respektive prosti i form av rundskriv om personal- og økonomiforvaltninga i prostia.

[Lagre]

65/17 Førebels budsjett 2018

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtek framlagde forslag til førebels budsjett og dei føresetnadene som saksorienteringa byggjer på.

Møtebehandling

Saksordførar: Ann Kristin Sørvik

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømmeråd vedtek framlagde forslag til førebels budsjett og dei føresetnadene som saksorienteringa byggjer på.

[Lagre]

66/17 Budsjett 2018 - Tilskot til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømmeråd vedtar fordeling av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja som framlagt. 2. Fellesrådet forvaltar tildelte midlar og har arbeidsgjevaransvar for stillingar med tilskot innafor eit eller fleire sokn i fellesrådsområdet. 3. Om endringar i statsbudsjettet fører til endra tildeling til bispedømmet, blir tildelinga til det enkelte fellesråd endra tilsvarende.

Møtebehandling

Saksordførar: Olav Rønneberg

Votering

Samrøystes

Vedtak

1. Møre bispedømmeråd vedtar fordeling av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja som framlagt. 2. Fellesrådet forvaltar tildelte midlar og har arbeidsgjevaransvar for stillingar med tilskot innafor eit eller fleire sokn i fellesrådsområdet. 3. Om endringar i statsbudsjettet fører til endra tildeling til bispedømmet, blir tildelinga til det enkelte fellesråd endra tilsvarende.

67/17 Bruk av OVF-midler 2018

Forslag til vedtak:

Bispedømerådet vil nytte OVF-midler til å dekke 50% av lønskostnadane til misjonsrådgivarstillinga.

Bispedømerådet gir av OVF-midler til særlege tiltak, slik det går fram av budsjett 2018.

Etter søknad gir Møre bispedøme av OVF-midlane til prosjektstøtte. Same prosjekt kan berre unntaksvis ta imot støtte over fleire år. Tiltak/satsingsområde som mottar støtte må vera forankra i bispedømerådet sitt planverk.

Støtta blir tildelt etter søknad. Rapport for bruk av tildelte midlar skal leggjast fram for Møre bispedøme seinast eit år etter tildeling.

Bispedømerådet ber administrasjonen om å utvikle eigna søknadsskjema og rapporteringsskjema.

Bispedømerådet ber om at ordninga blir presentert for kyrkjelydar/organisasjonar ved oppslag på heimesida.

Mindreforbruk/meirforbruk skal overførast til neste år.

Møtebehandling

Saksordførar: Ingen

Votering

Samrøystes

Vedtak

Bispedømerådet vil nytte OVF-midler til å dekke 50% av lønskostnadane til misjonsrådgivarstillinga.

Bispedømerådet gir av OVF-midler til særlege tiltak, slik det går fram av budsjett 2018.

Etter søknad gir Møre bispedøme av OVF-midlane til prosjektstøtte. Same prosjekt kan berre unntaksvis ta imot støtte over fleire år. Tiltak/satsingsområde som mottar støtte må vera forankra i bispedømerådet sitt planverk.

Støtta blir tildelt etter søknad. Rapport for bruk av tildelte midlar skal leggjast fram for Møre bispedøme seinast eit år etter tildeling.

Bispedømerådet ber administrasjonen om å utvikle eigna søknadsskjema og rapporteringsskjema.

Bispedømerådet ber om at ordninga blir presentert for kyrkjelydar/organisasjonar ved oppslag på heimesida.

Mindreforbruk/meirforbruk skal overførast til neste år.

68/17 Fordeling av trusopplæringsmidlar 2018

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømeråd vedtar fordeling av midlar til trusopplæringsarbeidet som framlagt.
2. Medfører endringar i statsbudsjettet til endra tildeling til bispedøme, vert tildelinga til einingane tilsvarande endra. Den ekstra tildelinga frå ubrukte trusopplæringsmidlar på kr.119 000,- i 2017 vert trekt ifrå før den resterande prosentvise auka vert fordelt.

Møtebehandling

Saksordførar: Olav Rønneberg

Votering

Samrøystes

Vedtak

1. Møre bispedømeråd vedtar fordeling av midlar til trusopplæringsarbeidet som framlagt.
 2. Medfører endringar i statsbudsjettet til endra tildeling til bispedøme, vert tildelinga til einingane tilsvarande endra. Den ekstra tildelinga frå ubrukte trusopplæringsmidlar på kr.119 000,- i 2017 vert trekt ifrå før den resterande prosentvise auka vert fordelt.
-

69/17 2018 - ÅRSPLAN MØRE BISPEDØME

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd vedtar førebels årsplan for 2018

Møtebehandling

Saksordførar: Olav Myklebust

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømeråd vedtar førebels årsplan for 2018

70/17 Høyring - Lov om tros- og livssynssamfunn

Forslag til vedtak

Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 6, 8, 18 og § 1.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Sjølv om Dnk har arbeidd for auka sjølvstende og helsar utkast til lov om trus- og livssynssamfunn velkommen, er auka livssynsmangfald og behov for likehandsaming og forenkling av lovverket like sterke drivkrefter til arbeidet med ny lov. Gjennom seinare år har mangfaldet av trussamfunn auka mykje. Ein kan no sjå eit stort mangfald kristne trussamfunn, og ein kan sjå vekst i talet på trussamfunn utanfor den kristne konfesjon. I tillegg har ein del livssynssamfunn hatt merkbar vekst. Representantar for dei mange trus- og livssynssamfunn har følt at tida har vore inne for auka likehandsaming og forenkling.

Møre bdr. støttar ønsket om «forenkling og likebehandling» i ei ny lov om trus- og livssynssamfunn. Møre bdr. helsar velkommen ei lov som ikkje diskriminerer. Samstundes peikar Møre bdr. på at Den norske kyrkja, i kraft av å vere forankra i Grunnlova §16, i kraft av å vere berar av historiske, kulturelle og nasjonale verdiar, av å vere majoritetskyrkje med over 70% av folket som medlemmer og i kraft av å vere landsdekkande, treng eit meir utvida lovfundament enn andre trus- og livssynssamfunn.

2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene, jf. kap. 7 og § 1.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Trusfridomen har tronge kår mange stader. Når den nye lova har som formål å understøtte trus- og livssynssamfunna gir denne formuleringa eit fundament for religiøs utfalding og trusmangfald. Det er Møre bdr. si meining at denne formuleringa styrkjer trusfridomen i Noreg.

3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn", jf. kap. 7 og § 1.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves, jf. kap. 18 og §§ 2 og 3.

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er samd i at ordninga med forrang blir oppheva.

Møre bdr. er imot framlegget om at ordninga med «tilhørighet», som i dag er regulert ved lov, blir oppheva.

Trus- og livssynssamfunn ønskjer ved ulike høve å invitere born av medlemmer til dåp, til forskjellige trusopplæringstiltak o.a.. Difor meiner Møre bdr. at trus- og livssynssamfunn gjennom lovheimel bør sikrast rett til å hente ut opplysningar om medlemene sine barn, også før desse er meldt inn som medlemmer.

Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år, jf. kap. 7 og § 3.

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er usamd i at lova innfører eit krav til 500 medlemmer for at samfunnet kan bli registrert som trus- og livssynssamfunn. For mange trus- og livssynssamfunn er organiseringa av samfunnet viktigare enn å få høgt tal på medlemmer. Dei episkopale og synodale trussamfunna er gjerne store og vil lett kunne telje 500 medlemmer. Men mange trussamfunn har ein kongregasjonalistisk struktur (t.d. pinsekyrkjer og mange karismatiske kyrkjelydar), der dei einskilde kyrkjelydane ikkje er knytte saman i noko episkopalt eller synodalt nettverk. Eit krav om 500 medlemmer for å bli registrert som trus- og livssynssamfunn vil vere urimeleg og diskriminerande for dei små kongregasjonalistiske trussamfunna. Ikkje minst vil eit slikt krav om høgt medlemstal, diskriminere mange i mangfaldet av kristne trussamfunn som har etablert seg i landet. Møre bdr. går inn for å redusere kravet til 100 medlemmer for å bli registrert som trus- og livssynssamfunn.

6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap, jf. kap. 7 og § 3.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: Viktig

Kommentar:

7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlige tilfeller, jf. kap. 7 og § 3.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselfrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

9. Staten skal overta kommunenes finansieringsansvar for tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke, jf. kap. 13 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er samd i at staten overtar kommunen sitt finansieringsansvar for trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja. Omlegginga til å gi eit reint statleg tilskot vil svare godt til lova sin intensjon om å forenkle og likebehandle.

10. Tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal beregnes etter antallet medlemmer i samfunnet over 15 år, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. meiner det er uheldig at trus- og livssynssamfunnet opererer med anna medlemsforståing enn kva lova godkjenner. Det rokkar ikkje ved respekten for religiøs myndighetsalder, om medlemskap blir rekna frå tidspunktet foreldre melder barnet inn i trus- og livssynssamfunnet (ved dåp eller annan medlemsinnmelding). Bdr. vil gjerne streke under at kyrkja reknar barn som fullgode medlemmer. Ei finansieringsordning som ikkje kan rekne barn under 15 år som medlemmer, gir uheldige signal om at barn ikkje blir rekna med, og kan føre til at vi reduserer merksemd, arbeid og aktivitetar til dei barn som ikkje tar imot medlemsstøtte. Møre bdr. meiner at det ikkje bør innførast alderskrav for tilskott, men at medlemskap skal reknast for alle som har meldt seg inn, eller som er innmeldt av foreldre/verge, som er busett i riket og som ikkje er medlem i anna trus- og livssynssamfunn.

11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

12. Tilskudd til investeringer i Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Lovutkastet sitt grep om å løfte investeringskostnader til gamle kyrkjebygg ut av dei ordinære årlege budsjetttrammen til trus- og livssynssamfunn er viktig. Møre bdr. støttar dette grepet.

Bdr. meiner at det er uheldig at det berre er kyrkjebygg frå før 1900 som skal ha særleg finansiering. Det virkar skjematisk og uhensiktsmessig å sette ei grense ved år 1900 for ordninga kor investeringskostnader til kyrkjebygg skal løyvast utanfor dei ordinære årlege løyvingane til trus- og livssynssamfunn. Skiljet bør ikkje gå ved spesifikk alder, men heller basere seg på Riksantikvaren si liste over kyrkjebygg som er verneverdige i eit nasjonalt perspektiv.

Riksantikvaren har registrert og dokumentert ei rekkje kyrkjebygg frå etter år 1900 som ut frå grundige faglege vurderingar er blinka ut som særleg verneverdige i eit nasjonalt perspektiv. Det vil vere risikabelt for heile kulturminnesektoren om øyremerkte midlar til å følgje opp desse kulturskattene blir tatt bort. Då vil vedlikehald og sikring av desse verdfulle bygga blir overlata til kommunale budsjettkampar.

Møre bdr. meiner også, med omsyn til likebehandling, at lova også bør leggje til rette for same ordning for kyrkjebygg tilhøyrande andre trus- og livssynssamfunn.

13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. meiner at Den norske kyrkja ikkje skal ha ordningar som diskriminerer andre trus- og livssynssamfunn. Likevel meiner Møre bdr. at det er rett og naturleg at Den norske kyrkja skal handsamast forskjellig enn andre trus- og livssynssamfunn. I kraft av Grunnlova §16, i kraft av at kyrkja er nasjonal kultur- og identitetsberar og i kraft av å vere majoritetskyrkje og landsdekkande, står Den norske kyrkja i ei særstilling. Det er rett at tilskott til oppgåver som kyrkja utfører på vegne av det offentlege ikkje skal vere av det årlege tilskottet.

14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. støttar at utgifter som følgje av Den norske kyrkja si særlege stilling ikkje skal gå inn i reguleringsgrunnlaget for tilskot til andre trus- og livssynssamfunn. Tilskot som handlar om bustadordning, pensjonsrettar og tilskot til å halde kyrkjeval, er døme på område som ikkje bør reknast inn i det årlege tilskottet.

15. Samfunn skal kunne nektes tilskudd dersom de mottar bidrag fra stater som ikke respekterer retten til tros- og livssynsfrihet, jf. kap. 15 og § 6.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

16. Det skal overlates til fylkesmannen å treffe vedtak om registrering og tilskudd etter loven og å føre tilsyn med virksomheten, jf. kap. 17 og § 7.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: uviktig

17. Fylkesmannens myndighet etter loven skal kunne ivaretas av ett fylkesmannsembete, jf. kap. 17 og § 7.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: uviktig

Den norske kirke

18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkelig rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven, jf. kap. 8 og §§ 8 – 16.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er glad for at lovutkastet forankrar ønsket om eige lovkapittel for Den norske kyrkja i Grunnlova, §16.

19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse, jf. kap. 8 og §§ 10 og 11.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. meiner at dette spørsmålet er eit av kjernespora i høyringa. Når utkast til lov ønskjer å leggje alle spørsmål om kyrkjeordning til Kyrkjemøtet, tar departementet både kyrkja sitt ønske om å styre seg sjølv og ønske om likebehandling, på alvor. (Det kunne vore fristande å gi ny kyrkjeordning kurs og retning ved å forankre sentrale spørsmål om organisering, inndeling og kyrkjelege organ i lovutkastet.)

Møre bdr. vil gi ros for vilje til å tenkje prinsipielt, ved at lovutkastet strekar under at det er soknet (sokneråd) og Den norske kyrkja (Kyrkjemøte) som er kyrkja sine to juridiske subjekt og ved at lovutkastet overfører til nemnde kyrkjelege organ å treffe avgjerd om organisasjon, inndeling og andre kyrkjeordningsspørsmål. Møre bdr. meiner det er å ta Kyrkjemøtet sin status som sjølvstendig juridisk subjekt på alvor når lovutkastet ikkje meiner noko om inndeling og organisering.

Likevel held bdr. fram at soknet har sjølvstendig status og at det er ønskjeleg at soknet i framtida si kyrkje framleis står fram som kyrkja si grunneining. Bdr. er uroa over at lovutkastet kan opne for framvekst av ei topptung og sentralisert kyrkje. Rettar og ansvar som i dag er lagt til soknet, må så langt råd er, vidareførast. Kyrkja er lokalkyrkjelyden! Lokalt kan sokn og samarbeid mellom sokn finne fram til gode lokale og regionale ordningar. Det er viktig at lova gir soknet juridisk styrke og handlingsrom.

Møre bdr. har også registrert ordsiftet der ein reagerer på at lovutkastet ikkje seier noko om at ordninga med fellesråd skal vidareførast, medan lovutkastet skisserer at ordning med prest (sokn), prost (prosti) og biskop (bispedøme) skal fortsetje. Møre bdr. meiner prinsipielt at ei rammelov ikkje bør seie noko om inndeling og organisering, men støttar likevel at lovutkastet forankrar prestetenesta i §14 sin ordlyd. Ordninga med fellesråd er berre litt over 20 år gamal. Tenesta med ord og sakrament, prestetenesta med prest, prost og biskop, har eksistert i mange hundre år. På mange vis er prestetenesta fundament i kyrkjebiletet som Grunnlova sin §16 teiknar. Der ein kan halde fram prestetenesta som historisk og som identitetsberar av kyrkja gjennom fleire hundre år, kan ein ikkje seie det same om fellesrådet.

20. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelse om kirkebygg, jf. kap. 8 og § 13.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Det blir viktig at kyrkjemøtet utviklar og vedtar bestemmingar kring forvaltning av kyrkjebygg som sikrar like godt vedlikehalds- og bevaringsregime som dagens lovgjeving fastset. Jf. høyringsutkastet sitt kapittel 11, som drøftar ulike modellar for bevaringsregime. Møre bdr. støttar at det ligg til Kyrkjemøtet å setje fast ordningar for kyrkjebygg.

21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelse om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentleglova og arkivlova skal gjelde for kirken, jf. kap. 8 og § 16.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: uviktig

Kommentar:

Møre bdr. støttar tanken om at lova set fast ein sakshandsamingsregel som gir kyrkja nødvendige heimlar for sakshandsaming og som sikrar Kyrkjemøtet høve til å gi uttale når framlegg til endringar i den særlege lovgivinga for Den norske kyrkja er aktuelt.

22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent, jf. kap. 10 og § 12.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. støttar ut frå tanken om å likebehandle og forenkle, at Den norske kyrkja v/kyrkjemøtet på lik linje med andre trus- og livssynssamfunn får høve til å bestemme innføring av medlemsavgift. Møre bdr. deler ikkje uroa om at innføring av medlemsavgift vil undergrave prinsippet om at staten skal føre ein aktivt støttande trus- og livssynspolitik som følgje av grunnlova §16. Snarare meiner Møre bdr. at lik handsaming av trussamfunn vil forplikte stat til å halde opp lik støtte pr. medlem til trus- og livssynssamfunn.

23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres, jf. kap. 8 og § 9.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at

a) dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

eller mener du at

b) staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke, jf. kap. 9 og § 12 (alternativer)?

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Det er ein naturleg konsekvens av at Den norske kyrkja blir meir sjølvstendig, at banda til stat og kommune losnar. Innanfor gjeldande lovverk fører kommunereforma også til omfattande kyrkjelege endringar, og mangfaldet i fellesrådsstrukturar blir større enn nokon gong. I Møre bispedøme vil omfattande kommuneregulering føre til store konsekvensar for inndeling av kyrkja. Det er prinsipielt rett å ikkje binde kyrkjelege strukturar og spørsmål om inndeling til dei kommunale strukturane. Møre bdr. vil løyse bindinga til kommunane og til kommunale strukturar og går inn for at staten overtar finansieringsansvaret for den lokale kyrkja.

Sjølv om finansiering av lokalkyrkja ikkje lenger er eit kommunalt ansvar, er ikkje noko til hinder for lokal delfinansiering av gode kyrkjelege tiltak. Som kommunen i dag finansierer og delfinansierer gode tiltak, som kulturbygg og idrettshallar, som ikkje er lovpålagt, kan ein likevel sjå for seg både folkeleg og kommunalt initiativ for å realisere viktige kyrkjelege tiltak. Det er ikkje sjølvstendig at dei dystre spådomane om at lokalsamfunnet ikkje vil bry seg om kyrkjer og kyrkjeliv når ansvaret ikkje er lenger er lovbestemt, slår til.

Vidare meiner Møre bdr. at ei anna finansieringordning av Dnk enn for dei andre trus- og livssynssamfunna vil føre til ei pedagogisk utfordring for kommunane. Lova legg opp til at kommunane ikkje lenger skal gi tilskott til andre enn til Dnk. Livssynsmangfald, sekularisering og krav om likehandsaming kan føre til at kommunen over tid vil «gløyme» at den lokale kyrkja skal handsamast ulikt andre trus- og livssynssamfunn.

I dag er det fellesrådet som forvaltar gravplassane og som er gravferdsmynde, også for dei som ikkje er medlemmer i Den norske kyrkja. Kyrkja har høg kompetanse og lang erfaring med å utøve dette ansvaret på vegne av det offentlege. Sjølv om nye gravplassar ofte blir lokaliserte andre stadar enn like ved kyrkje, er dei fleste gravplassar også kyrkjegarder, lokalisert like ved kyrkja. Det er ikkje ønskjeleg å avvike det gode samarbeidet lokalt mellom kyrkje og kommune, og det er Møre bdr. si meining at samhandlinga mellom kyrkja og kommune lyt finne si form også i framtida. Gravferdsforvaltninga bør likevel ikkje vere eit argument som bør styre finansiering, inndeling og kyrkjeordning.

Om gravferdsforvaltning skal vere av kyrkja sine oppgåver i framtida, skal ikkje finansiering av denne reknast av det årlege tilskottet til trus- og livssynssamfunn.

Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig

26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er usamd i at den lokale kyrkja framleis skal ha ansvar for gravplassdrifta. Prinsipielt er gravplassforvaltning ei offentleg sak og etter kvart som kyrkjelege og kommunale strukturar ikkje lenger er like, er det naturleg at ansvar for gravferdsdrift som hovudordning er ei kommunal oppgåve.

Likevel ser Møre bdr. for seg at det somme stader kan liggje til rette for at kyrkjelege organ kan utøve dette ansvaret på vegner av det offentlege. Til dømes kan sokn innanfor eit område samhandle om gravferdsdrift, sjølv om ordninga med fellesråd ikkje er landsdekkande eller forankra i lova. Ein kan sjå for seg at storfellessråd eller

prostiråd kan etablerast for å løyse drift av gravplass og andre sams utfordringar for eit større område enn det einskilde sokn.

Dersom gravferdslova av 2012 sin intensjon skal følgjast heilt ut, er det naturleg at gravferdsdrift er ei kommunal oppgåve. Som følgje av dét, blir det også naturleg at fylkesmannen overtek godkjenning- og klagesakbehandlinga.

Dersom høringsutkastet sitt framlegg om at den lokale kyrkja framleis skal ha ansvar for gravplassdrift og forvaltning blir vedtatt, er det naturleg at dette får prinsipielle implikasjonar for spm. 28 (ansvaret etter gravferdslova overført frå bispedømeråd til fylkesmann), ved at BDR beheld saksbehandlingsregimet rundt godkjenning- og klagesaker gravplass.

27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er samd i prinsippet om at det er kommunane som har hovudansvar for gravplassane og at fylkesmannen, etter søknad frå vedkommande kommune, kan treffe vedtak om overføring. Det er likevel ønskelig, på bakgrunn av at mange gravplassar ligg like ved kyrkje, at repr. frå soknet er fullverdig medlemmer av det kommunale organ som har ansvar for gravferdsdrift og forvaltning av gravplassar. I tillegg tenkjer bdr. at Fylkesmannen, etter søknad frå vedkommande kommune, kan godkjenne kyrkjeleg forvaltning av kyrkjegardane. Det kan vere naturleg, på bakgrunn av at mange gravplassar ligg like ved kyrkje, i kraft av kompetanse og tradisjon, at kyrkjeleg organ utfører arbeidet som tenesteyting til kommunen.

28. Det ansvaret bispedømmerådet har etter gjeldende gravferdslov, skal overføres til de enkelte fylkesmenn, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er samd i at gravplassforvaltninga, som etter gjeldande gravferdslov ligg til bispedømmerådet, blir overført til fylkesmannen. Sjølv om bispedømmerådet har viktige oppgåver knytt både til kyrkjebyggsaker og gravplass-saker, er det ein konsekvens av Møre bdr. sitt prinsipielle syn at gravplass-saker blir overført Fylkesmannen.

Sjølv om ei slik overføring av deler av bispedømmerådet sitt ansvar til Fylkesmannen vil byråkratisere, kan Fylkesmannen bygge opp nasjonal kompetanse, slik som tilfelle er i kyrkja i dag. Bispedømmerådet i Tunsberg, på vegner av Den norske kyrkja, handsamer saker som handlar om gravplassforvaltning.

På sikt meiner Møre bdr. at det er rett å skilje saker som handlar om kyrkjebygg og saker som handlar om gravplassforvaltning frå kvarandre, slik at det eine sakhandsamingskomplekset høyrer til under bispedømmerådet og det andre under Fylkesmannen. Det lyt vere dei sokne-valde sine fremste oppgåver i det kommunale organet som handsamer gravplass-saker, å ta vare på kyrkja sine interesser.

Behovet for god forståing av samanhengen mellom kyrkjehus og gravplass – kyrkjestaden, er viktig. For å sikre god samhandling bør ein rådgivar på bispedømenivå få gravplass-sakene til uttale og ein rådgivar frå Fylkesmannen/Fylkeskonservator bør gi uttale om som omhandlar kyrkjebygg.

Møre bispedømmeråd gir høringsssvar i samsvar med formuleringane over

Møtebehandling

Saksordførar: Per Eilert Orten

Endringsforslag:

Spm 16 For å sikre likebehandling er det viktig at det blir utarbeidd kriterier for bruk av skjønn.

Spm 19: Kommentar blir endra slik at kun 2. avsnitt og setning 2 i siste avsnitt blir ståande. Ytterlegare kommentarar blir innarbeid av administrasjonen ut frå det som kom fram i møtet.

Votering:

Gjennomgang av kvart enkelt høyrings spørsmål. Der det er forslag gjennom behandlinga i bispedømerådet som avviker frå forslaget til vedtak blir dette markert særskilt.

Samrøystes med unntak av:

Spm 4: 5 for 4 mot innstilling til vedtak – innstilling vedtatt

Spm 5: 5 mot 4 for innstilling til vedtak – endring vedtatt

Spm 10: 7 for 2 mot innstilling til vedtak – innstilling vedtatt

Spm 16: samrøystes for forslag til kommentar – endring vedtatt

Spm 19: samrøystes for forslag til endringar – endring vedtatt

Pkt 21: 5 mot 4 for innstilling til vedtak – endring vedtatt

Pkt 24: 7 for 2 mot innstilling til vedtak - vedtatt

Pkt 26: 8 mot 1 for innstilling til vedtak – endring vedtatt

Pkt 27: 8 for 1 mot innstilling til vedtak - vedtatt

Vedtak

Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 6, 8, 18 og § 1.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Sjølv om Dnk har arbeidd for auka sjølvstende og helsar utkast til lov om trus- og livssynssamfunn velkommen, er auka livssynsmangfald og behov for likehandsaming og forenkling av lovverket like sterke drivkrefter til arbeidet med ny lov. Gjennom seinare år har mangfaldet av trussamfunn auka mykje. Ein kan no sjå eit stort mangfald kristne trussamfunn, og ein kan sjå vekst i talet på trussamfunn utanfor den kristne konfesjon. I tillegg har ein del livssynssamfunn hatt merkbar vekst. Representantar for dei mange trus- og livssynssamfunn har følt at tida har vore inne for auka likehandsaming og forenkle.

Møre bdr. støttar ønsket om «forenkling og likebehandling» i ei ny lov om trus- og livssynssamfunn. Møre bdr. helsar velkommen ei lov som ikkje diskriminerer.

Samstundes peikar Møre bdr. på at Den norske kyrkja, i kraft av å vere forankra i Grunnlova §16, i kraft av å vere berar av historiske, kulturelle og nasjonale verdiar, av å vere majoritetskyrkje med over 70% av folket som medlemmer og i kraft av å vere landsdekkande, treng eit meir utvida lovfundament enn andre trus- og livssynssamfunn.

2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene, jf. kap. 7 og § 1.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Trusfridomen har tronge kår mange stader. Når den nye lova har som formål å understøtte trus- og livssynssamfunna gir denne formuleringa eit fundament for religiøs utfalding og trusmangfald. Det er Møre bdr. si meining at denne formuleringa styrkjer trusfridomen i Noreg.

3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn", jf. kap. 7 og § 1.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves, jf. kap. 18 og §§ 2 og 3.

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er samd i at ordninga med forrang blir oppheva.

Møre bdr. er imot framlegget om at ordninga med «tilhørighet», som i dag er regulert ved lov, blir oppheva.

Trus- og livssynssamfunn ønskjer ved ulike høve å invitere born av medlemmer til dåp, til forskjellige trusopplæringstiltak o.a.. Difor meiner Møre bdr. at trus- og livssynssamfunn gjennom lovheimel bør sikrast rett til å hente ut opplysningar om medlemene sine barn, også før desse er meldt inn som medlemer.

Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år, jf. kap. 7 og § 3.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

6. Lovens antallskrav kan oppfylles ved at likeartede samfunn søker om å bli registrert i fellesskap, jf. kap. 7 og § 3.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: Viktig

Kommentar:

7. Det gis hjemmel i loven for at antallskravet kan fravikes i helt særlige tilfeller, jf. kap. 7 og § 3.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

8. Et samfunn må være registrert for å ha krav på tilskudd og for å kunne tildeles vigselfrett, jf. kap. 7 og 19 og §§ 3 og 4 og forslag til endring i ekteskapsloven § 12 første ledd.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

9. Staten skal overta kommunenes finansieringsansvar for tilskudd til tros- og livssynssamfunn utenom Den norske kirke, jf. kap. 13 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er samd i at staten overtar kommunen sitt finansieringsansvar for trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja. Omlegginga til å gi eit reint statleg tilskott vil svare godt til lova sin intensjon om å forenkla og likebehandle.

10. Tilskudd til tros- og livssynssamfunn utanom Den norske kirke skal beregnes etter antallet medlemmer i samfunnet over 15 år, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. meiner det er uheldig at trus- og livssynssamfunnet opererer med anna medlemsforståing enn kva lova godkjenner. Det rokka ikkje ved respekten for religiøs myndighetsalder, om medlemskap blir rekna frå tidspunktet foreldre melder barnet inn i trus- og livssynssamfunnet (ved dåp eller annan medlemsinnmelding). Bdr. vil gjerne streke under at kyrkja reknar barn som fullgode medlemer. Ei finansieringsordning som ikkje kan rekne barn under 15 år som medlemer, gir uheldige signal om at barn ikkje blir rekna med, og kan føre til at vi reduserer merksemd, arbeid og aktivitetar til dei barn som ikkje tar imot medlemsstøtte. Møre bdr. meiner at det ikkje bør innførast alderskrav for tilskott, men at medlemskap skal reknast for alle som har meldt seg inn, eller som er innmeldt av foreldre/verge, som er busett i riket og som ikkje er medlem i anna trus- og livssynssamfunn.

11. Satsen for tilskudd per medlem i tros- og livssynssamfunn utanom Den norske kirke skal reguleres årlig i samsvar med endringene i statens tilskudd til Den norske kirke, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

12. Tilskudd til investeringar i Den norske kirkes kirkebygg fra før 1900 skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Lovutkastet sitt grep om å løfte investeringskostnader til gamle kyrkjebygg ut av dei ordinære årlege budsjettammen til trus- og livssynssamfunn er viktig. Møre bdr. støttar dette grepet.

Bdr. meiner at det er uheldig at det berre er kyrkjebygg frå før 1900 som skal ha særleg finansiering. Det virkar skjematisk og uhensiktsmessig å sette ei grense ved år 1900 for ordninga kor investeringskostnader til kyrkjebygg skal løyvast utanfor dei ordinære årlege løyvingane til trus- og livssynssamfunn. Skiljet bør ikkje gå ved spesifikk alder, men heller basere seg på Riksantikvaren si liste over kyrkjebygg som er verneverdige i eit nasjonalt perspektiv.

Riksantikvaren har registrert og dokumentert ei rekkje kyrkjebygg frå etter år 1900 som ut frå grundige faglege vurderingar er blinka ut som særleg verneverdige i eit nasjonalt perspektiv. Det vil vere risikabelt for heile kulturminnesektoren om øyremerkte midlar til å følgje opp desse kulturskattene blir tatt bort. Då vil vedlikehald og sikring av desse verdfulle bygga blir overlata til kommunale budsjettkampar.

Møre bdr. meiner også, med omsyn til likebehandling, at lova også bør leggje til rette for same ordning for kyrkjebygg tilhøyrande andre trus- og livssynssamfunn.

13. Tilskudd til oppgaver Den norske kirke utfører på vegne av det offentlige skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. meiner at Den norske kyrkja ikkje skal ha ordningar som diskriminerer andre trus- og livssynssamfunn. Likevel meiner Møre bdr. at det er rett og naturleg at Den norske kyrkja skal handsamast forskjellig enn andre trus- og livssynssamfunn. I kraft av Grunnlova §16, i kraft av at kyrkja er nasjonal kultur- og identitetsberar og i kraft av å vere majoritetskyrkje og landsdekkande, står Den norske kyrkja i ei særstilling. Det er rett at tilskott til oppgåver som kyrkja utfører på vegne av det offentlege ikkje skal vere av det årlege tilskottet.

14. Tilskudd til utgifter som følger av Den norske kirkes særlige stilling skal ikke inngå i reguleringsgrunnlaget for tilskudd til andre tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 14 og § 4.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. støttar at utgifter som følgje av Den norske kyrkja si særlege stilling ikkje skal gå inn i reguleringsgrunnlaget for tilskot til andre trus- og livssynssamfunn. Tilskot som handlar om bustadordning, pensjonsrettar og tilskot til å halde kyrkjeval, er døme på område som ikkje bør reknast inn i det årlege tilskottet.

15. Samfunn skal kunne nektes tilskudd dersom de mottar bidrag fra stater som ikke respekterer retten til tros- og livssynsfrihet, jf. kap. 15 og § 6.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

16. Det skal overlates til fylkesmannen å treffe vedtak om registrering og tilskudd etter loven og å føre tilsyn med virksomheten, jf. kap. 17 og § 7.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: uviktig

Kommentar:

For å sikre likebehandling er det viktig at det blir utarbeidd kriterier for bruk av skjønn.

17. Fylkesmannens myndighet etter loven skal kunne ivaretas av ett fylkesmannsembete, jf. kap. 17 og § 7.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: uviktig

Den norske kirke

18. Særskilte bestemmelser som kun retter seg mot Den norske kirke (kirkelig rammelov) skal gis i et eget kapittel i den nye trossamfunnsloven, jf. kap. 8 og §§ 8 – 16.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er glad for at lovutkastet forankrar ønsket om eige lovkapittel for Den norske kyrkja i Grunnlova, §16.

19. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette nærmere bestemmelser om kirkens organisering, kirkelig inndeling, kirkelige organer og valg til disse, jf. kap. 8 og §§ 10 og 11.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. strekar under at det er soknet (sokneråd) og Den norske kyrkja (Kyrkjemøte) som er kyrkja sine to juridiske subjekt. Lovutkastet overfører til kyrkjelege organ å treffe avgjerd om organisasjon, inndeling og andre kyrkjeordningsspørsmål. Møre bdr. meiner det er å ta Kyrkjemøtet sin status som sjølvstendig juridisk subjekt på alvor når lovutkastet ikkje meiner noko om inndeling og organisering.

Møre bdr. meiner prinsipielt at ei rammelov ikkje bør seie noko om inndeling og organisering.

Møre bdr. er samd i at liturgimynde ligg hos Kyrkjemøtet.

Forslag om kyrkjeleg stemmerett blir støtta.

Vidare støttar Møre bdr forslaget om kyrkjeval nær offentlege val.

Bispedømerådet er samd i forslaget om å forankre prestenesta (biskop/bispedøme, prost/prosti og prest/sokn) i lova og støttar at lovutkastet forankrar denne i §14 sin ordlyd.

Møre bdr. støttar at det blir tatt inn ein særskilt regel om medlemsregister for Den norske kyrkja i lova.

20. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om kirkebygg, jf. kap. 8 og § 13.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Det blir viktig at kyrkjemøtet utviklar og vedtar bestemmingar kring forvaltning av kyrkjebygg som sikrar like godt vedlikehalds- og bevaringsregime som dagens lovgjeving fastset. Jf. høyringsutkastet sitt kapittel 11, som drøftar ulike modellar for bevaringsregime. Møre bdr. støttar at det ligg til Kyrkjemøtet å setje fast ordningar for kyrkjebygg.

21. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette bestemmelser om, og med hvilke unntak og særregler, forvaltningsloven, offentleglova og arkivlova skal gjelde for kirken, jf. kap. 8 og § 16.

Enig/Uenig: enig/uenig

Viktig/Uviktig: uviktig

Kommentar:

Møre bdr. støttar tanken om at lova set fast ein sakshandsamingsregel som gir kyrkja nødvendige heimlar for sakshandsaming og som sikrar Kyrkjemøtet høve til å gi uttale når framlegg til endringar i den særlege lovgivinga for Den norske kyrkja er aktuelt.

22. Det skal overlates til Kirkemøtet å fastsette om medlemmer av kirken skal betale medlemskontingent, jf. kap. 10 og § 12.

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bispedømmeråd er ikkje einig i at Kyrkjemøtet kan fastsette om medlemmer av Den norske kyrkja skal betale medlemskontingent.

23. Bestemmelsene om at soknet og Den norske kirke er selvstendige rettssubjekter skal videreføres, jf. kap. 8 og § 9.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

24. Mener du at Den norske kirke skal finansieres ved at

a) dagens økonomiske oppgavefordeling mellom staten og kommunene føres videre

Enig/Uenig: uenig

Viktig/Uviktig: viktig

eller mener du at

b) staten skal overta det ansvaret kommunene i dag har for finansiering av den lokale kirke, jf. kap. 9 og § 12 (alternativer)?

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Det er ein naturleg konsekvens av at Den norske kyrkja blir meir sjølvstendig, at banda til stat og kommune losnar. Innanfor gjeldande lovverk fører kommunereforma også til omfattande kyrkjelege endringar, og mangfaldet i fellesrådsstrukturar blir større enn nokon gong. I Møre bispedømme vil omfattande kommuneregulering føre til store konsekvensar for inndeling av kyrkja. Det er prinsipielt rett å ikkje binde kyrkjelege strukturar og spørsmål om inndeling til dei kommunale strukturane. Møre bdr. vil løyse bindinga til kommunane og til kommunale strukturar og går inn for at staten overtar finansieringsansvaret for den lokale kyrkja.

Sjølv om finansiering av lokalkyrkja ikkje lenger er eit kommunalt ansvar, er ikkje noko til hinder for lokal delfinansiering av gode kyrkjelege tiltak. Som kommunen i dag finansierer og delfinansierer gode tiltak, som kulturbygg og idrettshallar, som ikkje er lovpålagt, kan ein likevel sjå for seg både folkeleg og kommunalt initiativ for å realisere viktige kyrkjelege tiltak. Det er ikkje sjølvstendig at dei dystre spådomane om at lokalsamfunnet ikkje vil bry seg om kyrkjer og kyrkjeliv når ansvaret ikkje er lenger er lovbestemt, slår til.

Vidare meiner Møre bdr. at ei anna finansieringordning av Dnk enn for dei andre trus- og livssynssamfunna vil føre til ei pedagogisk utfordring for kommunane. Lova legg opp til at kommunane ikkje lenger skal gi tilskott til andre enn til Dnk. Livssynsmangfald, sekularisering og krav om likehandsaming kan føre til at kommunen over tid vil «gløyme» at den lokale kyrkja skal handsamast ulikt andre trus- og livssynssamfunn.

I dag er det fellesrådet som forvaltar gravplassane og som er gravferdsmynde, også for dei som ikkje er medlemmer i Den norske kyrkja. Kyrkja har høg kompetanse og lang erfaring med å utøve dette ansvaret på vegne av det offentlege. Sjølv om nye gravplassar ofte blir lokaliserte andre stadar enn like ved kyrkje, er dei fleste gravplassar også kyrkjegarder, lokalisert like ved kyrkja. Det er ikkje ønskjeleg å avvikle det gode samarbeidet lokalt mellom kyrkje og kommune, og det er Møre bdr. si meining at samhandlinga mellom kyrkja og kommune lyt finne si form også i framtida. Gravferdsforvaltninga bør likevel ikkje vere eit argument som bør styre finansiering, inndeling og kyrkjeordning.

Om gravferdsforvaltning skal vere av kyrkja sine oppgåver i framtida, skal ikkje finansiering av denne reknast av det årlege tilskottet til trus- og livssynssamfunn.

Vigselsrett, gravplassdrift og andre spørsmål

25. Vigselsrett for tros- og livssynssamfunn skal videreføres, jf. kap. 19 og forslag til endringer i ekteskapsloven §§ 12 og 13.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig

26. Den lokale kirkes ansvar for gravplassdrift og –forvaltning skal videreføres som normalordning, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

27. Fylkesmannen skal etter søknad fra kommunen kunne treffe vedtak om overføring av gravplassansvaret til kommunen, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven § 23.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er samd i prinsippet om at det er kommunane som har hovudansvar for gravplassane og at fylkesmannen, etter søknad frå vedkommande kommune, kan treffe vedtak om overføring. Det er likevel ønskelig, på bakgrunn av at mange gravplassar ligg like ved kyrkje, at repr. frå soknet er fullverdig medlemmer av det kommunale organ som har ansvar for gravferdsdrift og forvaltning av gravplassar. I tillegg tenkjer bdr. at Fylkesmannen, etter søknad frå vedkommande kommune, kan godkjenne kyrkjeleg forvaltning av kyrkjegardane. Det kan vere naturleg, på bakgrunn av at mange gravplassar ligg like ved kyrkje, i kraft av kompetanse og tradisjon, at kyrkjeleg organ utfører arbeidet som tenesteyting til kommunen.

28. Det ansvaret bispedømmerådet har etter gjeldende gravferdslov, skal overføres til de enkelte fylkesmenn, jf. kap. 22 og forslag til endringer i gravferdsloven §§ 4, 21 og 24.

Enig/Uenig: enig

Viktig/Uviktig: viktig

Kommentar:

Møre bdr. er samd i at gravplassforvaltninga, som etter gjeldande gravferdslov ligg til bispedømerådet, blir overført til fylkesmannen. Sjølv om bispedømmerådet har viktige oppgåver knytt både til kyrkjebyggsaker og gravplass-saker, er det ein konsekvens av Møre bdr. sitt prinsipielle syn at gravplass-saker blir overført Fylkesmannen.

Sjølv om ei slik overføring av deler av bispedømerådet sitt ansvar til Fylkesmannen vil byråkratisere, kan Fylkesmannen bygge opp nasjonal kompetanse, slik som tilfelle er i kyrkja i dag. Bispedømmerådet i Tunsberg, på vegner av Den norske kyrkja, handsamer saker som handlar om gravplassforvaltning.

På sikt meiner Møre bdr. at det er rett å skilje saker som handlar om kyrkjebygg og saker som handlar om gravplassforvaltning frå kvarandre, slik at det eine sakhandsamingskomplekset høyrer til under bispedømerådet og det andre under Fylkesmannen. Det lyt vere dei sokne-valde sine fremste oppgåver i det kommunale organet som handsamer gravplass-saker, å ta vare på kyrkja sine interesser.

Behovet for god forståing av samanhengen mellom kyrkjehus og gravplass – kyrkjestaden, er viktig. For å sikre god samhandling bør ein rådgivar på bispedømenivå få gravplass-sakene til uttale og ein rådgivar frå Fylkesmannen/Fylkeskonservator bør gi uttale om som omhandlar kyrkjebygg.

Andre tema

Om retten til fri frå arbeid i utøving av kyrkjelege verv

Når bispedømerådet forstår at det ikkje er mogleg med heimel i lov å gi rett til fri med løn, meiner Møre bdr at staten gjennom særskilt tildeling må gi Dnk høve til å sikre slik kompensasjon ut frå eigne reglar. Dette er viktig ut frå målsettinga om ei demokratisk kyrkje.

Møre bispedømeråd gir høyringssvar i samsvar med formuleringane over

71/17 Konstituering for perioden 1/1-18 - 31/12-19

Forslag til vedtak

1. Møre bispedømmeråd vel som leiar for perioden 1/1-18 – 31/12-19:
2. Møre bispedømmeråd vel som nestleiar for perioden 1/1-18 – 31/12-19:

Møtebehandling

Saksordførar: Anette Fredly

Votering

Samrøystes

Vedtak

1. Møre bispedømmeråd vel som leiar for perioden 1/1-18 – 31/12-19: Ann Kristin Sørvik
2. Møre bispedømmeråd vel som nestleiar for perioden 1/1-18 – 31/12-19: Therese Utgård

72/17 Stiftelsen Åkerlehaugen - oppnemning av representant

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd oppnemner Frode Rabbevåg som medlem av styret i stiftelsen Åkerlehaugen for perioden fram til 31/12-19. Arne Vigestad er varamedlem.

Møtebehandling

Saksordførar: Ingen

Votering

Samrøystes

Vedtak

Møre bispedømmeråd oppnemner Frode Rabbevåg som medlem av styret i stiftelsen Åkerlehaugen for perioden fram til 31/12-19. Arne Vigestad er varamedlem.

Orienteringssaker

Saksnr.	Arkivsak	Tittel
73/17	17/00414-45	Orienteringssaker 15.12.2017
-	17/00415-5	Ledige stillingar og delvis plan for tilsetting per 1. desember 2017.
-	17/06793-1	Møre bispedømmeråd - oversikt forvaltningssaker 2017 - kyrkjer og gravplassar
-	17/06873-1	Referat fra møte i KAF 04.10.2017
-	17/04106-5	Referat fra ekstraordinært Kontaktmøte 26. oktober 2017
-	17/00406-11	Referat fra kontaktmøte med fagorganisasjonene i Møre av 16. november 2017.
-	17/01707-12	Referat frå RAMU-Møre av 16. november 2017.

Munnlege orienteringar:

Olav Myklebust frå Kyrkjerådet
Stiftsdirektør og Biskop